



Alversund Montessoribarnehage AS
Alvermarka 41
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/317 - 15/1942

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
29.01.2015

Kommunalt tilskot for 2015

Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven § 14 og forskrift om «likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager», og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotssatsar for 2015.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barnas alder og opphaldstid i barnehagane.

Tilskotet for dykkar barnehage har vi for 2015 rekna ut til:

	Sats	Tilskot 2015
Små barn (0-2 år)	175 895	3 141 091
Store barn (3-6 år)	83 987	2 972 212
Sum driftstilskot		6 113 304
Kapitaltilskot (staten sin sats)	9 500	505 843
Sum tilskot		6 619 147

For første kvartal 2015 har de fått utbetalt 1 600 947 kr. Ved å avrekne dette mot tilskotet for heile året, blir det att 5 018 200 kr for perioden april – desember. For perioden april – desember vil de få utbetalt 557 578 kr pr. månad.

Reknearket som viser korleis tilskota har blitt rekna ut, vil bli ettersendt på e-post.

Barnehagar som har vesentleg høgare kapitalutgifter enn gjennomsnittet kan søkje om å få kompensasjon for dette. Kriteriene for kompensasjon er minst 50% høgare kapitalutgifter enn kva ein får ved statleg sats for kapital tilskot. Det vert sendt ut eige skriv (e-post) kvar haust med informasjon om ordninga og kva dokumentasjon som må leggjast ved ein eventuell søknad.

Endeleg avrekning av tilskotet for 2014 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2014 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigeret i tilskotsutbetalinga for april 2015.



Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på, skal etter vedtak frå kommunen anten betale tilbake eit tilsvarande beløp eller få trekt i frå beløpet ved seinere eller neste års utbetaling av tilskot, jfr forskrift om likeverdig behandling § 10.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

Barnehageeigaren kan klage til Fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.